

SNOWMOBILE CAMP LØVÅSEN
Tveiti 2
3864 RAULAND

Dato: 04.11.2025
Vår referanse: 2025/8350-3
Sakshandsamar: Kjell Christenson

Delegert vedtak
Kommunalsjef kultur, næring og fritid - nr. 269/25

Svar på - Turistløyve gruppeturar - 2025-2026

Vedtak

Snowmobile camp Løvåsen v/ Svein Roger Løvåsen sin søknad om løyve til gruppeturar blir innvilga. Løyvet gjeld til 4. Mai 2026 og er knytt til verksemda. Frå fyrste måndagen i mai til snøen er berande om hausten/vinteren er all køyring ulovleg. Det er ein føresetnad at løyvehavar gjer seg kjend med gjeldande reglar for løyvet som er vedtekne i Retningsliner for handsaming av søknader etter motorferdselslova – vedteke i kommunestyret 15.12.2016, sak 2016/119. Samt Forskrift for løypenett for fritidskøyring med snøskuter, Vinje kommune, Telemark. Løyvet gjeld for det tal snøskuter det er trong for. Løyvehavar har kontroll på dette. Løyvet skal alltid vera med transporten og visast fram ved kontroll. Transporten skal nytte løypenett for fritidskøyring med snøskuter, i dei traseane som er godkjent for det i Vinje kommune. Det skal nyttast registrerte snøskuterar med korrekt kjennemerke. Køyring skal skje så skånsamt som mogleg av omsyn til plante-, dyre- og fugleliv.

Bakgrunn

Snowmobile camp Løvåsen v/ Svein Roger Løvåsen er eit opplevings/aktivitets selskap og arrangere guida gruppeturar i samband med drift og aktivitetar rundt dette. Han vil nytte seg av dagens godkjente løypenett. Det er ikkje søkt om tal på snøskuterar det er trong for, dette vil truleg variere frå oppdrag til oppdrag, og løyvehavar regulerer dette sjølv, men det er berre lov med opptil 10 skuterar om gongen. Løyvet gjeld for traseane som vist i kart.

Dokument i saka

- Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdsellova)
- Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag
- Retningsliner for handsaming av søknader etter motorferdselslova - vedteke i kommunestyret 15.12.2016, sak 2016/119
- Forskrift for løypenett for fritidskøyring med snøskuter, Vinje kommune, Telemark
- Naturmangfoldslova §§ 8 – 12

Med helsing

Kjell Christenson

konsulent

Kultur, næring og fritid

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Vedlegg

- | | |
|---|-----------------------|
| 1 | Døgnløyve for grupper |
| 2 | Løyve til gruppeturar |

Mottakrar:

SNOWMOBILE CAMP LØVÅSEN

I tråd med kommunestyrevedtak 14.12.2023 skal ein ved utskriving av turistløyve fakturere løyvehavar kr 10 350- . Faktura blir ettersendt.

Informasjon om retten til å klage

Jf. forvaltningslova § 28, kan du klage på vedtaket. Klagefristen er tre veker rekna frå den dagen då brevet kom fram til mottakar. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut.

Klaga sender du skriftleg til Vinje kommune. Skriv kva for vedtak det klagast over, den eller dei endringane som er ynskjeleg og dei årsaker du vil gje for klaga. Dersom du klager så seint at det kan vere uklart for oss om du har klaga i rett tid, blir du beden om å gje opp dato då denne meldinga kom fram.